

Spelemannslaget De frilynde

Protokoll frå årsmøte i Spelemannslaget De Frilynde i øvingslokalet på Hebekk skole onsdag den 28. november 2001 kl. 19.00

Formannen åpna møtet .

Sak 1: Innkalling og sakliste blei godkjent og møtet sett.

Innkallinga bør sendast i posten til dei som ikkje er jamnt på øving.

Sak 2: Hans Bakken blei valt til møteleiar og Nils Seland blei valt til referent.

Sak 3: Årsmelding. Formannen las opp årsmeldinga. Årsmeldinga blei godkjent. Den blir kopiert og delt ut på neste øving.

Sak 4: Regnskap. Kasseraren leverte ut kopi og gjekk gjennom postane. Samla beholdning pr. 20/11- 2001 er kr. 8.799,09. Godkjent.

Sak: 5: Innkomne saker. Justering av vedtektene for laget etter forslag frå Nils Seland. Forslaget samrøystes vedteken. Sjå eige vedlegg.

Sak 6: Valg

Formann: Hans Bakken (gjenvalg for 1 år)

Styremedlem og kasserar: Oskar Fevåg (ikkje på valg)

Styremedlem og sekretær: Nils Seland (gjenvalg for 2 år)

Revisor: Helge Slyngstad (gjenvalg)

Festkomité: Tom Simonsen (gjenvalg)

Noteutvalg: Nils Seland, Magnar Graav og Jo Ragnar Finserås. (gjenvalg)

Valgnemnd: Øystein Austerå (formann), John Nordum og Magnar Graav. (gjenvalg)

Hans Bakken
styreleiar

Nils Seland
referent

Drøfting etter at det formelle årsmøtet var heva:

Ekstra "terpetime": Dei som er interessert i driva med litt ekstra "terping" på spesielle tema kan møta kl. 18.00 kvar onsdag.

Frå kl. 19.00 blir det vanlig øving for alle, som før.

Landsfestival Førde: Tida er 1. – 4. august. Forslag om felles busstur, ev. saman med andre spel- eller danselag. Bør ta avgjerd om ikkje så lenge.

